

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/742	16/7228

Val av skjønnsmedlemmer 1.1.2017 - 31.12.2020

Saksopplysingar:

Etter skjønnsprosesslova § 14 skal fylkestinget oppnemna eit utval skjønnsmedlemmer etter forslag frå tingrettane og frå kommunestyra. Fylkeskommunen skal oppnemna skjønnsmedlemsutval for følgjande domstolar: Bergen 48 skjønnsmedlemmer, Hardanger 44 skjønnsmedlemmer, Sunnhordland 54 skjønnsmedlemmer, Nordhordland 140 skjønnsmedlemmer.

Når det gjeld kvalifikasjonar blir det i skriv frå Justisdepartementet mellom anna peika på behovet for personar med innsikt i bygningsvesen og jord- og skogbruk. Det vert også opplyst at fleire domstolar overfor Domstoladministrasjonen har gitt uttrykk for at det er viktig at skjønnsmedlemmene har kompetanse knytt til ulike sider ved bruk og drift av fast eigedom, samt rekneskap.

Hordaland fylkeskommune ber Radøy kommune oppnemna fem skjønnsmedlemar. I samsvar med brev til frå Justisdepartementet blir kommunane bedne om å setja fram forslag på 20 prosent fleire enn det talet skjønnsmedlemmer som skal veljast.

Av dei fem frå Radøy som i inneverande periode har vore skjønnsmedlemmer, er ein flytta ut av kommunen.

Valnemnda sitt framlegg:

Reidun Sundt
Jan Kjetil Helland
Anna Myking Gjerde
Øystein Myrtveit
Jorunn H. Nesheim
Roald Hvidsten

Kommunestyret i Radøy - 037/2016

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes valnemnda si tilråding.

KS - vedtak:

Radøy kommune kjem med framlegg på følgjande skjønnsmedlemmer for perioden 2017 - 2020:

Reidun Sundt
Jan Kjetil Helland
Anna Myking Gjerde
Øystein Myrtveit
Jorunn H. Nesheim
Roald Hvidsten

Vedlegg:

Val av skjønnsmedlemmer 2017-2020